



Live Margrethe Rognerud

**Undersøking om foreldrebetaling
i barnehagar, januar 2008**

Notater

Innhold

1. Samandrag	2
2. Generelt om undersøkinga	3
3. Om tabellane	4
4. Definisjonar	5
5. Merknader	5
5.1 Generelle merknader	5
6. Betalingssatsar i kommunale barnehagar	7
6.1 Månadssatsar på landsbasis	7
6.2 Månadssatsar for hushald med brutto årsinntekt på 250 000 kroner	7
6.3 Månadssatsar for hushald med brutto årsinntekt på 375 000 kroner	8
6.4 Månadssatsar for hushald med brutto årsinntekt på 500 000 kroner	8
6.5 Minimum og maksimum betalingssatsar	8
6.6 Årsbetaling på landsbasis.....	8
6.7 Inntektsgradering	9
6.8 Friplass/rabattordningar	10
6.9 Syskenmoderasjon	10
6.10 Private barnehagar i kommunane.....	11
6.11 Talet på betalingsmånader	11
6.12 Kostpengar og tilleggsutgifter	11
6.13 Eigne betalingssatsar for barn under 3 år.....	12
7. Betalingssatsar i private barnehagar	13
7.1 Månadssatsar og årsbetaling etter region og på landsbasis.....	13
7.2 Inntektsgradering	14
7.3 Friplass/rabattordningar	14
7.4 Syskenmoderasjon	14
7.5 Talet på betalingsmånader	14
7.6 Kostpengar og tilleggsutgifter	14
7.7 Eigne betalingssatsar for barn under 3 år.....	14
8. Gjennomsnittleg årsbetaling for fulltidsopphald i kommunale og private barnehagar	15
Vedlegg	16

1. Samandrag

Gjennomsnittlege månadssatsar utan kostpengar og tilleggsutgifter for fulltidsopphald i kommunale barnehagar for hushald med brutto årsinntekt på 250 000, 375 000 og 500 000 kroner, er på landsbasis høvesvis **2 089**, **2 249** og **2 297** kroner per januar 2008. Minimumssatsen ligg i gjennomsnitt på **1 537** kroner, medan maksimumssatsen er **2 317** kroner. 293 av dei 356 kommunane i prissamanlikninga i undersøkinga har ein maksimumssats som er den same som maksimalsatsen fastsett av Stortinget på **2 330** kroner frå januar 2007. Månadssatsane for hushald med brutto årsinntekt på 250 000 viste ein marginal nedgang, medan det for årsinntekter på 375 000 og 500 000 kroner var ein marginal oppgang.

Av dei 399 kommunane som har rapportert betalingssatsar per januar 2008 nyttar 23 prosent eit system for inntektsgraderte satsar, det vil seie satsar som er avhengig av hushaldet si inntekt. Flest kommunar har såkalla "flate" betalingssatsar. Alle kommunane byr syskenmoderasjon for hushald med to eller fleire barn i barnehage. 88 prosent av kommunane gir opp at dei private barnehagane i kommunen nyttar dei same moderasjonsordningane. Om lag 87 prosent av kommunane gir opp at dei ikkje inkluderer kostpengar i sjølve opphaldsbetalinga, men at dei blir kravd inn separat.

76 prosent av dei private barnehagane i utvalet gir opp at dei nyttar ein maksimumssats som følgjer fastsett maksimalsats på **2 330** kroner. 18 prosent av dei private barnehagane gir opp at dei byr inntektsgraderte satsar og alle barnehagane i utvalet byr syskenmoderasjon for hushald med to eller fleire barn.

Gjennomsnittleg årsbetaling for fulltidsopphald i kommunale og private barnehagar utan kostpengar og tilleggsutgifter er på landsbasis **23 410** kroner per januar 2008.

2. Generelt om undersøkinga

Denne rapporten er laga av Statistisk sentralbyrå (SSB) på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet. SSB har i oppdrag å gjennomføre ei undersøking av foreldrebetalinga for fulltidsopphald i kommunale og private barnehagar i januar og august kvart år. Undersøkinga er no basert på ei totalteljing av alle kommunane i landet. Data frå kommunane blir henta inn elektronisk gjennom det nasjonale informasjonssystemet KOSTRA (KOMmune-STat-RApportering). Det er likevel fråfall ved kvar rapportering, og bak tala i årets rapport ligg det 399 av 430 kommunar til grunn. Opplysningar frå dei private barnehagane blir framleis henta inn postalt frå eit representativt utval barnehagar og omfattar i stor grad dei same spørsmåla som til kommunane. Datainnsamlinga blir gjennomført i både januar og august kvart år. Det blir laga éin rapport i året basert på data per januar og arbeidet med datamaterialet vil bli avslutta i juni kvart år.

Undersøkinga og rapporten omhandlar fulltidsopphald for barn over 3 år i kommunale og private barnehagar.

Kommunane vart bedne om å gi følgjande opplysningar om kommunale barnehagar per januar 2008:

- betalingssatsar,
- talet på timar per veke for fulltidsopphald,
- moderasjon for andre og tredje sysken samt talet på barn med syskenmoderasjon,
- eventuelle kostpengar i tillegg til opphaldsbetalinga,
- eventuelle tilleggsutgifter til for eksempel turar eller andre aktivitetar,
- talet på betalingsmånader,
- om dei nyttar egne betalingssatsar for barn under 3 år,
- eventuelle rabatt-/friplassordningar,
- om dei private barnehagane i kommunen følgjer dei same moderasjonsordningane.

Kommunane med inntektsgraderte satsar må gi opp betalingssatsar for ulike førehandsdefinerte inntektsintervall. Desse kommunane må også gi opp betalingssatsar på dei tre inntektsnivåa 250 000, 375 000 og 500 000 kroner, i tillegg til minimums- og maksimumssatsar.

SSB gjer merksam på at betalingssatsar innanfor eit utval inntektsintervall samt informasjon om mellom anna syskenmoderasjon og talet på betalingsmånader vart publisert på kommunenivå gjennom KOSTRA og frigjort på internett; www.ssb.no/kostra 14. mars 2008 (ureviderte tal). Revidert datamateriale vart publisert på same sted 16. juni 2008. Vekta gjennomsnittstal på fylkes- og landsnivå blir berre publisert gjennom denne rapporten og ikkje gjennom KOSTRA.

Betalingsatsar frå dei private barnehagane blir henta inn frå eit utval på om lag **220** private barnehagar som er trekte frå dei fem regionane Austlandet, Agder/Rogaland, Vestlandet, Trøndelag og Nord-Noreg.

3. Om tabellane

Dei tre første tabellane omhandlar betalingssatsar og betalingsreglar for kommunale barnehagar medan tabell 4 omhandlar oversiktsdata for kommunale barnehagar tilbake i tid og tabell 5 omhandlar private barnehagar. I undersøkinga er gjennomsnittssatsane vekta.

Tabell 1 Oversiktsdata for undersøkinga. Tabellen gir ei fylkesvis oversikt over førekomsten av nokre kjennemerke i undersøkinga, det vere seg talet på kommunar i undersøkinga, inntektsgraderte satsar, syskenmoderasjon og andre moderasjonsordningar, kostpengar og om dei private barnehagane i kommunen følgjer dei same moderasjonsordningane.

Tabell 2a Gjennomsnittlege månadssatsar for fylke og bruttoinntekt. Tabellen inneheld gjennomsnittlege månadssatsar etter fylke og på landsbasis for august 2007 og januar 2008, og prosentvis endring i månadssatsane.

Tabell 2b Gjennomsnittleg årsbetaling for fylke og bruttoinntekt. Tabellen inneheld gjennomsnittstal for årsbetalinga etter fylke og på landsbasis for august 2007 og januar 2008, og prosentvis endring i årsbetalinga. Årsbetalinga er ein utrekna storleik gitt at vilkåra for januar blir haldne uendra.

Tabell 3 Gjennomsnittlege månadssatsar og årsbetaling etter bruttoinntekt, 1992-2008. Tabellen inneheld utviklinga i månads- og årsbetaling frå januar 1992 til januar 2008. Gjennomsnittssatsane for januar 2008 og tilbake til januar 2002 er vekta. Tidlegare vart gjennomsnittsutrekningar gjort med simpelt snitt.

Tabell 4 Oversiktsdata for kommunale barnehagar, 2007-2008 Tabellen gir ei fylkesvis oversikt over førekomsten av nokre kjennemerke i undersøkinga, det vere seg talet på kommunar i undersøkinga, inntektsgraderte satsar, syskenmoderasjon og andre moderasjonsordningar, kostpengar og om dei private barnehagane i kommunen følgjer dei same moderasjonsordningane.

Tabell 5 Månads- og årsbetaling etter region for private barnehagar. Tabellen inneheld gjennomsnittleg månads- og årsbetaling for hushald med barn i privat barnehage for august 2007 og januar 2008, samt prosentvis endring i satsane.

4. Definisjonar

Undersøkinga måler månadssatsar for fulltidsopphald over 41 timar per veke.

Definisjonar på fulltidsopphald kan variere mellom kommunar og mellom barnehagar innanfor kommunane. Kommunen må gi opp talet på timar per veke for den fulltidsordninga som ligg nærmast definisjonen ovanfor og som flest barn nyttar.

Inntektsgraderte betalingssatsar er betalingssatsar som er avhengig av foreldra si inntekt. Dette omfattar ordningar med redusert foreldrebetaling/friplassar gjennom barnehagens ordinære betalingssystem. Ordningar med redusert foreldrebetaling/friplassar gjennom andre organ fell utanfor definisjonen.

Friplass er det som kommunane til kvar tid definerer som friplass. Den kan vere gjennom barnehagen sitt ordinære betalingssystem eller andre organ i kommunane. Ulike vilkår kan liggje til grunn for friplassane.

Minimumssats er den lågaste satsen kommunen har spesifisert i sitt betalingssystem. Minimumssatsane i denne undersøkinga er ikkje knytt opp mot eit spesifikt inntektsnivå da dette varierer frå kommune til kommune.

Maksimumssats er den høgaste satsen kommunen har spesifisert i sitt betalingssystem. Maksimumssatsane i denne undersøkinga er ikkje knytt opp mot eit spesifikt inntektsnivå da dette varierer frå kommune til kommune.

Tilleggsutgifter er utgifter for ulike aktivitetar og arrangement som i mange tilfelle kan tilkome utover sjølve opphaldsbetalinga og kostpengar.

5. Merknader

5.1 Generelle merknader

Rapporten gir prisar hovudsakleg for barn over 3 år same kva type barnehage (vanleg barnehage, familiebarnehage).

Gjennomsnittlege månadssatsar og utrekna årsbetaling på dei ulike inntektsnivåa i tabellane for dei kommunale barnehagane med bakgrunn i punktobservasjonar for inntektsnivåa som blir nytta og ikkje intervalla. Gjennomsnittleg årsbetaling som ikkje er knytt til eit spesifikt inntektsnivå (sjå kapittel 8) er utrekna på grunnlag av betalingssatsar gitt opp i førehandsdefinerte inntektsintervall slik at heile betalingssystemet i større grad blir fanga opp i dette gjennomsnittstalet. Gjennomsnittlege månadssatsar og utrekna årsbetaling i dei private barnehagane er baserte på betalingssatsar gitt opp i førehandsdefinerte inntektsintervall.

I kommunar med inntektsavhengig foreldrebetaling kan det liggje ulike definisjonar av inntekt til grunn for fastsetjing av foreldrebetalinga. I tillegg har kommunane svært ulike system i forhold til kost og kostpengar. I den grad det er mogleg blir kostpengar skilt ut frå månadssatsen. Men i nokre tilfelle er kostpengar inkludert i månadssatsen og derfor ikkje mogleg å skilje ut. Dette fører til at samanlikningar av takstnivå er vanskeleg, men med mindre uvisse dess høgare nivå vi gjer samanlikningar på. Etter at Stortinget innførte maksimalgrense på foreldrebetaling 1. mai 2004 blir satsane i stor grad endra i samsvar med endringar i denne maksimalsatsen. Satsane og vilkåra i denne undersøkinga er dei som gjaldt i januar 2008.

Per januar 2008 og august 2007 vart det henta inn informasjon frå ei tilnærma totalteljing av kommunane i landet. I august var det 378 kommunar som leverte data igjennom KOSTRA, medan i januar 2008 var det 399 kommunar som leverte. Av desse var det 3 av kommunane som i januar 2008

ikkje hadde noko kommunalt barnehagetilbod. 356 av desse observasjonane ligg til grunn for berekningar som omfattar endringstal i denne rapporten.

SSB gjer merksam på at nokre data frå tidlegare målingar kan ha vorte endra i ettertid som ei følge av nye opplysningar. Gjennomsnittssatsane for januar 2008 og tilbake til januar 2002 er vekta, i motsetnad til tidlegare gjennomsnittsutrekningar som har vorte gjort med simpelt snitt. Gjennomsnittstala i tabellane kan derfor avvike noko frå kva som har vorte publisert tidlegare.

6. Betalingssatsar i kommunale barnehagar

6.1 Månadssatsar på landsbasis

Med brutto årsinntekt på 250 000, 375 000 og 500 000 kroner er dei gjennomsnittlege månedssatsane utan kostpenar og andre tilleggsutgifter for fulltidsopphald i kommunale barnehagar på landsbasis høvesvis **2 089**, **2 249** og **2 297** kroner per januar 2008. Satsane med brutto årsinntekt på 250 000 kroner er 0,2 prosent lågare i januar 2008 enn i august 2007. Satsane med brutto årsinntekt på 375 000 og 500 000 kroner ligg høvesvis 0,1 og 0,3 prosent høgare i januar 2008 enn i førre periode.


Minimumssatsen utan kostpenar er i gjennomsnitt **1 537** kroner per januar 2008, medan maksimumssatsen er **2 317** kroner i same periode. Tala er illustrerte i tabell 2a i vedlegget.

Gjennomsnittleg månedssats på landsbasis for hushald med to barn i kommunal barnehage ligg på høvesvis **3 488**, **3 757** og **3 835** kroner med brutto årsinntekt på 250 000, 375 000 og 500 000 kroner.

6.2 Månadssatsar for hushald med brutto årsinntekt på 250 000 kroner

For hushald med ei årsinntekt på 250 000 kroner er høgaste betalingssats på **2 330** kroner, som er maksimalsatsen fastsett av Stortinget per januar 2007. Høg betalingssats for låginntektsgrupper kan mellom anna ha samanheng med betalingssystemet kommunane har valt. Kommunane innanfor desse fylka nyttar i liten grad betalingssatsar som er avhengige av inntekta til hushaldet. Difor er det liten prisskilnad for ein barnehageplass same kva hushaldet tener. Tilsvarende blir prisen for barnehageplassar for foreldre med låg inntekt lågast i fylka som er prega av inntektsavhengige satsar. Lågaste betalingssatsar har Rogaland med **1 687** kroner, Vest-Agder med **1 757** kroner og Aust-Agder med **1 782** kroner. Bak nedgangane på Sørlandet og i Rogaland låg justeringar av grunnbeløpet i folketrygda då fleire av kommunane i dessa fylka nyttar grunnbeløpet for å justere inntektsintervalla i inntektsgradert foreldrebetaling. Tala er illustrerte i figur 1, samt i tabell 2a i vedlegget.


Figur 1. Gjennomsnittlege månedssatsar for eit barn i kommunal barnehage. Brutto årsinntekt på 250 000 kroner. Januar 2008



6.3 Månadssatsar for hushald med brutto årsinntekt på 375 000 kroner

Betalingssatsar for hushald med årsinntekt på 375 000 kroner ligg på **2 250** kroner eller over med berre unntak for fylka Rogaland, Buskerud, Oppland og Vestfold, sjå figur 2.

Figur 2. Gjennomsnittlege månadssatsar for eit barn i kommunal barnehage. Brutto årsinntekt på 375 000 kroner. Januar 2008



6.4 Månadssatsar for hushald med brutto årsinntekt på 500 000 kroner

Variasjonen i foreldrebetalinga mellom fylka er mindre dess høgare inntektsnivået er. For hushald med årsinntekt på 500 000 kroner er den lågaste betalingssatsen registrert i Rogaland med **2 054** kroner, sjå tabell 2a i vedlegget.

6.5 Minimum og maksimum betalingssatsar

Satsane som blir omtalte i dette avsnittet er lågaste og høgaste gjennomsnittlege månadssatsar for dei ulike fylka og er illustrerte i tabell 2a. Minimums- og maksimumssatsane i denne undersøkinga er ikkje knytt opp mot eit spesifikt inntektsnivå da dette varierer frå kommune til kommune. Det er store variasjonar i foreldrebetalinga avhengig av om kommunane nyttar inntektsgradering i betalingssystemet. Dei lågaste minimumssatsane har Oslo og Akershus med høvesvis **777** og **974** kroner. Møre og Romsdal, Nordland og Nord-Trøndelag har dei høgaste minimumssatsane med betalingssatsar lik eller like oppunder fastsett maksimalsats på **2 330** kroner.

293 av dei 356 kommunane i prissamanlikninga, det vil seie 82 prosent, har ein maksimumssats som ligg på sjølve maksimalsatsen på **2 330** kroner.

6.6 Årsbetaling på landsbasis

Forutan månadssatsane er storleiken på årsbetalinga for eit barn i barnehage avhengig av kostpengar og andre tilleggsutgifter og talet på betalingsmånader. Med brutto årsinntekt på 250 000 kroner er årsbetalinga på landsbasis for hushald med eit barn i barnehage i gjennomsnitt **24 381** kroner i januar 2008, nesten uendra frå august 2007. For hushald med brutto årsinntekt på 375 000 og 500 000 kroner er årsbetalinga med eit barn i barnehage i gjennomsnitt høvesvis **26 132** og **26 660** kroner. I forhold til


same inntektsnivå ligg årsbetalingane berre marginalt høgare i januar 2008 enn i august 2007. Tala er illustrerte i tabell 2b i vedlegget.

Årsbetalinga for to barn er i tillegg til dei faktorane nemnde ovanfor, avhengig av storleiken på syskenmoderasjonen. For tilsvarende bruttoinntekter er årsbetalinga på landsbasis for hushald med to barn i barnehage i gjennomsnitt høvesvis **44 171**, **44 108** og **44 976** kroner. I forhold til satsane i august 2007 ligg årsbetalinga for dei tre inntektsnivåa også berre marginalt høgare i januar 2008.

6.7 Inntektsgradering

Forskrift om foreldrebetaling i barnehagar slår fast at alle kommunar skal ha ordningar som kan by barnefamiliar med lågast betalingsevne ein reduksjon i eller fritak for foreldrebetaling. Men kommunane er sjølve fri til å avgjere om dei ønskjer å by inntektsgradering i dei kommunale barnehagane og det viser seg at dei fleste kommunane nyttar eit system med såkalla "flate" betalingssatsar, det vil seie satsar som ikkje er differensiert etter hushaldet si inntekt. 303 av 396¹ kommunar, det vil seie om lag 77 prosent av kommunane som har rapportert, nyttar "flate" månadsatsar. Dei andre 93 kommunane (det vil seie 23 prosent) har inntektsgraderte betalingssatsar definert innafør sitt ordinære betalingssystem. To kommunar har gratis barnehagetilbod til alle som bur i kommunen. 20 kommunar gir opp at dei nyttar eit system for flate satsar, men på same tid gir opp at dei byr friplassar innafør sitt ordinære betalingssystem. Desse kommunane er ikkje med i talet for kommunar med inntektsgraderte satsar. Det er stor variasjon i korleis inntektsgraderinga er utforma, både når det gjeld kva for inntekt det referer til, kor høg inntekt ein kan ha og storleiken på reduksjonen.

Figur 3. Talet på kommunar som byr inntektsgraderte betalingssatsar etter hushaldet si samla brutto årsinntekt. Januar 2008



¹ Ein kommune gir opp at dei nyttar inntektsgraderte satsar sjølv om sats for lågaste inntektsintervall er lik sats for høgaste inntektsintervall

Figur 3 viser som forventa at det er mest vanleg med satsreduksjon for hushald med dei lågaste inntekta. Det er viktig å merke seg at satsane er henta inn på førehandsdefinerte inntektsintervall, dermed er det mogleg at kommunane kan nytta fleire trinn i sitt system for inntektsgradering enn kva tala ovanfor viser.

Det er store regionale skilnader når det gjeld bruk av inntektsgraderte satsar. I Akershus nyttar tilnærma alle kommunane graderte satsar, med berre nokre få unntak. Inntektsgradering er også mykje

¹ 3 av kommunane har ikkje kommunalt barnehagetilbod og blir difor ikkje rekna med her. 2 kommunar har gratis barnehagetilbod og blir rekna med her.

utbreidd i Rogaland og i Agder-fylka. I tillegg er det mange kommunar på Sør-Austlandet (Østfold, Buskerud, Vestfold og Telemark) som bruker inntektsgradering. I Nord-Trøndelag, Nordland og Troms er det derimot berre fire kommunar som rapporterer at dei nyttar inntektsgradering. Det er også lite utbreidd på Vestlandet. Resultata viser òg at det er i dei fylka der det er mest utbreidd med inntektsgradering at storleiken på reduksjon er størst. Samla sett av alle kommunane med inntektsgraderte satsar utgjer den lågaste betalings-satsen for hushald med årsinntekt under 150 000 kroner om lag 36 prosent av maksimal sats i desse kommunane.

Det er særleg dei større kommunane som nyttar inntektsgraderte satsar. Blant dei 30 mest folkerikaste kommunane (talet på innbyggjarar over 27 000) nyttar om lag 63 prosent av kommunane inntektsgradering. Av dei 100 minste kommunane (talet på innbyggjarar under 2 220) er situasjonen det motsette, berre 11 prosent av kommunane nyttar graderte satsar. Dette resulterer i at nesten halvparten av alle barn i kommunale barnehagar tilhører ein kommune som byr inntektsgradering.

37 av 396 kommunar gir opp at dei byr friplassar gjennom det ordinære betalingssystemet, men 20 av desse gir på same tid opp at dei nyttar flate betalings-satsar. Åtte kommunar gir opp friplass som den betalingssatsen som flest barn nyttar for hushald med årsinntekt under 150 000 kroner.

Ein del kommunar definerer sine inntektsgrenser målt i kroner, medan andre definerer dei i samsvar med grunnbeløpet i folketrygda. Etersom grunnbeløpet blir oppjustert kvart år, vil eit hushald med konstant inntekt før eller sidan få lågare opphaldsbetaling.

6.8 Friplass/rabattordningar

Kommunane har ulik praksis med omsyn til bruk av friplassar. 9 prosent av kommunane gir opp at dei byr friplassar spesifisert i barnehagen sitt ordinære betalingssystem. 75 prosent av kommunane byr friplass etter særskilt behandling, gjennom sosialkontor, barnevernsnemnd eller skulekontor, medan 53 prosent av kommunar byr moderasjonsordningar (reduisert foreldrebetaling) utanfor barnehagen sitt ordinære betalingssystem. 31 kommunar gir opp at dei har inga rabattordning forutan regelbunden syskenmoderasjon. To kommunar har vedteke å by gratis barnehageplass til alle.

6.9 Syskenmoderasjon

Forskrift om foreldrebetaling i barnehagar slår fast at alle kommunar skal by minimum 30 prosent syskenmoderasjon for barn nr. 2 og minimum 50 prosent for barn nr. 3 eller fleire. Per januar 2008 byr alle kommunane syskenmoderasjon. 64 prosent av kommunane nyttar syskenmoderasjon på 30 prosent for barn nr. 2, men fleire kommunar gir likevel meir i syskenmoderasjon - det er 26 prosent av kommunane som gir 50 prosent syskenmoderasjon for barn nr. 2. Sju kommunar byr moderasjon under 30 prosent. Ingen nyttar moderasjon over 50 prosent for barn nr. 2.


I dei aller fleste kommunane aukar syskenmoderasjonen med talet på barn. 93 prosent av kommunane byr 50 prosent eller meir for barn nr. 3. Fem kommunar nyttar 100 prosent syskenmoderasjon medan 25 kommunar nyttar ein sats under 50 prosent. I hovudsak gir kommunane ikkje syskenmoderasjon på kostpengar.

Det kan vere av interesse å vite kor mange barn som får syskenmoderasjon i dei kommunale barnehagane. Per januar 2008 er det på landsbasis ca. 16 prosent av barna i dei kommunale barnehagane som får syskenmoderasjon som barn nr. 2, prosentdelen er langt lågare som barn nr. 3 med ca. 0,7 prosent. Ei mogleg forklaring på den låge delen som barn nr. 3 kan ha samanheng med at familiar som får fleire barn tett i større grad kan velje andre tilsynsordningar. Det er viktig å merke seg at desse tala kan vere noko usikre. For mange kommunar, særleg større kommunar, er det vanskeleg å skulle gi opp eit totaltal på barn med syskenmoderasjon i kommunen.

6.10 Private barnehagar i kommunane

Det er 88 prosent av dei kommunane som har privat barnehagetilbod som gir opp at dei kommunale rabattordningane også gjeld for dei private barnehagane i kommunen. Av desse kommunane nyttar 22 prosent innteksgraderte satsar gjennom det ordinære betalingsystemet. Det er mindre regionale skilnader når det gjeld bruk av kommunane sine moderasjonsordningar i dei private barnehagane. Om lag 33 prosent av kommunane gir opp at dei ikkje har private barnehagar i kommunen i januar 2008 mot 12 prosent i 2007. Årets tal er noko sikrare enn talet frå undersøkinga i 2007 grunna utforming av skjema. Mogeleg forklaring på den kraftige auken kan også vere dei politiske løfta om full barnehagedekning som kommunane i større grad no oppfyllar sjølve.

Figur 4. Kommunar med ulike rabattordningar. Prosent. Januar 2008



6.11 Talet på betalingsmånader

Dei aller fleste kommunane har foreldrebetaling for heilårsopphald fordelt på 11 månadlege betalingar. Berre 2 av 396 kommunar har foreldrebetalinga fordelt på 12 månader.

6.12 Kostpengar og tilleggsgifter

Etter forskrift om foreldrebetaling kan kommunane krevje inn kostpengar utover maksimalgrensa og om lag 87 prosent av kommunane krev inn kostpengar separat. Kostpengar kan variere frå barnehage til barnehage og satsen som blir henta inn er ein gjennomsnittleg sats for alle barnehagane i kommunen. Undersøkinga tek berre omsyn til dei tilfella der kostpengar blir spesifisert nærmare. I undersøkinga er det ikkje teke med kostpengar som er avtalt direkte mellom den enkelte barnehagen og dei føresette. Dette fører til at samanlikningane mellom fylke kan vere noko usikre. I gjennomsnitt blir det kravd inn eit beløp på i overkant av 178 kr i månaden for fulltidsopphald. 9 prosent av kommunane opplysar at dei ikkje veit kor mykje kostpengar tilsvarar av opphaldsbetalinga anten den er inkludert eller ikkje.

I tillegg er det ein del kommunar som krev inn andre utgifter utover sjølve opphaldsbetalinga og kostpengar. Det kan vere utgifter til utflukter, ulike aktivitetar med meir. 12 prosent av kommunane gir opp at dei krev inn slike utgifter. Det er noko usikkert i korleis grad undersøkinga fangar opp desse utgiftene ettersom opplysningane er henta inn på kommunenivå og ikkje i den enkelte barnehagen. I gjennomsnitt blir det kravd inn et beløp på i underkant av 55 kroner per måned.

6.13 Eigne betalingssatsar for barn under 3 år

Berre 7 av 396 kommunar har egne betalingssatsar for barn under 3 år per januar 2008.

7. Betalingsatsar i private barnehagar

7.1 Månadssatsar og årsbetaling etter region og på landsbasis


For august 2007 og januar 2008 er det rekna ut landsgjennomsnitt der dei ulike regionane er vekta saman på bakgrunn av talet på barn i private barnehagar. Innanfor regionane er det teke eit simpelt gjennomsnitt.

76 prosent av dei private barnehagane gir opp at dei nyttar ein maksimumssats som følgjer fastsett maksimalsats på **2 330¹** kroner frå Stortinget. For dei private barnehagane er det ikkje henta inn betalingsatsar på ulike punktobservasjonar for ulike inntektsnivå, men for ulike førehandsdefinerte inntektsintervall. Gjennomsnittleg månadssats og årsbetaling i dei private barnehagane er dermed i større grad basert på heile betalingssystemet i barnehagen. I rapporteringar før august 2006 har barnehagane berre gitt opp den mest nytta fullprissatsen, tal frå perioden august 2006 kan difor ikkje bli samanlikna med tidlegare publiserte tal for same periode.

Den gjennomsnittlege månadssatsen utan kostpengar og andre tilleggsutgifter i private barnehagar på landsbasis er **2 251** kroner per januar 2008. Dette er ein oppgang på **0,1** prosent frå august 2007. Satsane varierer mellom dei ulike regionane frå 2 108 kroner i Agder og Rogaland til **2 282** kroner i Nord-Noreg. Tala er illustrerte i tabell 5 i vedlegget.

Dei relativt små endringane denne perioden kjem i all hovudsak av at barnehagane no har tilpassa seg ein maksimalsats på 2 330 kroner. Det synast at det i større grad blir nytta kostpengar og andre tilleggsutgifter til å justere foreldrebetalinga utover maksimalsatsen.

Figur 5. Gjennomsnittleg årsbetaling for eit barn etter region og betalingsår. Private barnehagar. August 2007 og januar 2008



¹ For dei som har flatsats er kostpengane trekte frå dersom dei er inkluderte. For dei med inntektsintervall er det høgaste betalingsats som tel.

For hushald med eit barn i barnehage varierer årsbetalinga inkludert kostpengar og andre tilleggsutgifter i private barnehagar for januar 2008 mellom **25 726** kroner i Agder og Rogaland og **27 705** kroner i Trøndelag. Den gjennomsnittlege årsbetalinga for heile landet var **27 156** kroner i januar 2008, som er ein oppgang på **0,3** prosent frå august 2007. Tala er illustrerte i tabell 5 i vedlegget.

For hushald med to barn i barnehage ligg årsbetalinga mellom **44 495** kroner i Agder og Rogaland og **48 155** kroner på Vestlandet. På landsbasis er gjennomsnittssatsen **46 753** kroner, ein oppgang på **0,7** prosent frå august i fjor.

7.2 Inntektsgradering

Om lag 88 prosent av kommunane gir opp at dei private barnehagane i kommunen følgjer dei same moderasjonsordningane. Av desse kommunane nyttar 22 prosent inntektsgraderte satsar gjennom sitt ordinære betalingssystem. Legg ein utvalet av dei private barnehagane til grunn er det 18 prosent som gir opp at dei byr inntektsgraderte satsar. I likskap med kommunane er det også for dei private barnehagane mest vanleg med "flate" betalingssatsar. Inntektsgraderte satsar synast å vere mest utbreidd på Austlandet og i Agder/Rogaland. Berre ein privat barnehage gir opp at dei nyttar inntektsgraderte satsar i Trøndelag og ingen gjer det i Nord-Noreg.

7.3 Friplass/rabattordningar

8 prosent av utvalet gir opp at dei byr friplassar gjennom sitt ordinære betalingssystem. Om lag 48 prosent av dei private barnehagane byr friplass og/eller andre moderasjonsordningar etter særskilt behandling, gjennom sosialkontor, barnevernsnemnd eller skulekontor.

7.4 Syskenmoderasjon

Alle dei private barnehagane i utvalet gir syskenmoderasjon. 84 prosent av utvalet byr 30 prosent syskenmoderasjon for barn nr. 2. 7 prosent av utvalet byr ein lågare sats. 76 prosent gir opp at dei nyttar 50 prosent syskenmoderasjon for barn nr. 3, medan 10 prosent av utvalet nyttar ein lågare sats. Nokre barnehagar gir meir syskenmoderasjon no enn ved førre rapportering, og difor visar årsbetalingane ulike endringar for eitt og to barn. Sjå tabell 5 vedlegget.

7.5 Talet på betalingsmånader

Dei aller fleste private barnehagane (97 prosent) i utvalet har foreldrebetaling fordelt på 11 månadlege betalingar. Berre nokre få barnehagar krev inn fleire enn 11 betalingar, medan berre ein barnehage nyttar mindre enn 11 månadlege betalingar.

7.6 Kostpengar og tilleggsutgifter

77 prosent av utvalet rapporterer at dei krev inn kostpengar i tillegg til sjølve opphaldsbetalinga. Til samanlikning er det om lag 87 prosent som gir opp det same av kommunane.

Også dei private barnehagane krev inn tilleggsutgifter. 30 prosent av utvalet rapporterer at dei gjer dette. Dette er klart høgare samanlikna med dei kommunale barnehagane der berre 12 prosent gir opp det same. Ettersom satsane i dei kommunale barnehagane blir rapportert på kommunenivå vil desse tala vere noko usikre. Vedtak på barnehagenivå vil ikkje bli fanga opp for dei kommunale barnehagane.

7.7 Eigne betalingssatsar for barn under 3 år

Per januar 2008 er det 4 barnehagar i utvalet som har dette.

8. Gjennomsnittleg årsbetaling for fulltidsopphald i kommunale og private barnehagar

Gjennomsnittleg årsbetaling utan kostpengar og tilleggsutgifter for fulltidsopphald for eit barn i kommunal barnehage ligg på landsbasis på **24 789** kroner per januar 2008. Mange barn i barnehage får ein rabatt i form av syskenmoderasjon. Gjennomsnittleg årsbetaling for barn nr. 2 ligg dermed på **16 165** kroner, medan tilsvarende tal for barn nr. 3 er på **12 086** kroner. Med omsyn til delen av barn som mottek syskenmoderasjon (sjå kapittel 6.9 Syskenmoderasjon for meir informasjon) gir dette ei reell gjennomsnittleg årsbetaling på **23 328** kroner i kommunal barnehage.

I dei private barnehagane er gjennomsnittleg årsbetaling for eit barn utan kostpengar og tilleggsutgifter på **24 796** kroner per januar 2008, for barn nr. 2 og barn nr. 3 ligg årsbetalinga på høvesvis **17 227** og **12 426** kroner. I gjennomsnitt ligg årsbetalinga i private barnehagar på **23 506** kroner. Om ein tek omsyn til talet på barn i både kommunale og private barnehagane, ligg gjennomsnittleg årsbetaling i barnehagar på **23 410** kroner per januar 2008.

I motsetnad til tidlegare utrekna årsbetalingar for dei kommunale barnehagane er desse gjennomsnittstala i større grad basert på heile betalingssystemet til kommunane, ikkje berre på ulike punktobservasjonar. Det er likevel viktig å streke under at satsane er henta inn på førehandsdefinerte inntektsintervall, dermed blir ikkje kommunane sine eigne betalingssystem fanga opp i sin heilskap (gjeld også for dei private betalingssatsane). Kostpengar og tilleggsutgifter er i tillegg trekt frå. Andre moderasjonsordningar utover inntektsgraderte satsar og syskenmoderasjon er ikkje inkluderte i desse gjennomsnittstala. Friplassar blir fanga opp i den grad dei er ein del av dei inntektsgraderte betalingssatsane definert innafor barnehagen sitt ordinære betalingssystem. Redusert betaling og friplassar som blir bydd gjennom sosialkontor eller andre organ fell utanfor. Per august 2007 er gjennomsnittleg årsbetaling i kommunale og private barnehagar utan kostpengar og tilleggsutgifter på **23 410** kroner. Dette gir ein auke på 0,3 prosent frå august 2007 til januar 2008.

Vedlegg

Tabell 1 Oversiktsdata for undersøkinga

Fylke	Talet på kommunar i fylket							
	med i undersøkinga	med inntektsgraderte månads-satsar	med flate månads-satsar	med syskenmoderasjon på 30% for barn nr 2	med syskenmoderasjon på 50% for barn nr 3	med kostpengar i tillegg ²	med private barnehagar som følgjer kommunale moderasjons-ordningar ¹	med friplassar/moderasjons-ordningar utanfor det ordinære betalings-systemet
Østfold	18	5	13	15	17	16	13	11
Akershus	21	17	4	21	18	19	17	7
Oslo	1	1	-	1	1	-	1	1
Hedmark	22	2	20	20	18	17	16	11
Oppland	26	7	19	19	20	22	13	15
Buskerud ³	21	5	15	10	16	18	13	11
Vestfold	14	6	8	10	10	11	12	8
Telemark	18	9	9	7	13	17	7	8
Aust-Agder	15	5	10	7	12	14	8	10
Vest-Agder	15	7	8	8	12	14	8	10
Rogaland ³	25	15	9	17	20	20	13	13
Hordaland ³	31	2	28	25	26	27	18	17
Sogn og Fjordane	26	2	24	23	23	23	13	10
Møre og Romsdal	34	1	33	28	30	32	25	23
Sør-Trøndelag	22	5	17	15	19	22	11	15
Nord-Trøndelag	20	1	19	14	15	16	10	14
Nordland	33	-	33	7	25	26	18	12
Troms	21	-	21	7	17	17	10	8
Finnmark	16	3	13	3	12	15	9	7
I alt	399	93	303	257	324	346	235	211
I alt i prosent		23,3	75,9	64,4	81,2	86,7	81,1	52,9

¹ 129 av 399 kommunar gir opp at dei ikkje har private barnehagar i kommunen

² 34 av kommunane oppgir at dei ikkje veit kor mykje kostpengar utgjer

³ Desse fylka har ein kommune kvar som ikkje har kommunalt barnehagetilbod per 2008.

Tabell 2 a Gjennomsnittlige månedssatsar for fylke og bruttoinntekt

Fylke	Månadssats, utan kostpengar og tilleggsutgifter				
	Bruttoinntekt kr.				
	Min	250000	375000	500000	Maks
Østfold					
aug.07	1543	2249	2322	2322	2322
jan.08	1551	2250	2324	2324	2324
Pst. endring	0,5	0,1	0,1	0,1	0,1
Akershus					
aug.07	988	1789	2238	2316	2316
jan.08	974	1787	2250	2328	2328
Pst. endring	-1,5	-0,1	0,6	0,5	0,5
Oslo					
aug.07	777	2071	2330	2330	2330
jan.08	777	2071	2330	2330	2330
Pst. endring	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Hedmark					
aug.07	2275	2284	2284	2284	2245
jan.08	2217	2283	2283	2283	2283
Pst. endring	-2,6	0,0	0,0	0,0	1,7
Oppland					
aug.07	2069	2194	2233	2315	2321
jan.08	2092	2189	2228	2313	2319
Pst. endring	1,1	-0,2	-0,2	-0,1	-0,1
Buskerud					
aug.07	1524	2089	2292	2292	2292
jan.08	1484	2111	2199	2322	2322
Pst. endring	-2,7	1,1	-4,0	1,3	1,3
Vestfold					
aug.07	1484	1881	2181	2305	2305
jan.08	1503	1900	2201	2325	2322
Pst. endring	1,3	1,1	0,9	0,9	0,7

Tabell 2 a (framhald) Gjennomsnittlige månedssatsar for fylke og bruttoinntekt

Fylke	Månadssats, utan kostpengar og tilleggsutgifter				
	Bruttoinntekt kr.				
	Min	250000	375000	500000	Maks
Telemark					
aug.07	1514	2032	2289	2325	2325
jan.08	1503	2094	2294	2329	2329
Pst. endring	-0,7	3,1	0,2	0,2	0,2
Aust-Agder					
aug.07	1576	2167	2304	2316	2316
jan.08	1560	1782	2266	2278	2278
Pst. endring	-1,0	-17,8	-1,6	-1,6	-1,6
Vest-Agder					
aug.07	1536	1981	2251	2255	2255
jan.08	1543	1757	2251	2251	2255
Pst. endring	0,5	-11,3	0,0	-0,2	0,0
Rogaland					
aug.07	1178	1691	1761	2054	2316
jan.08	1191	1687	1767	2054	2316
Pst. endring	1,1	-0,3	0,4	0,0	0,0
Hordaland					
aug.07	1464	2330	2330	2330	2330
jan.08	1452	2328	2328	2328	2328
Pst. endring	-0,8	0,0	0,0	0,0	0,0
Sogn og Fjordane					
aug.07	2158	2240	2240	2315	2315
jan.08	2183	2183	2318	2318	2318
Pst. endring	1,2	-2,5	3,5	0,1	0,1
Møre og Romsdal					
aug.07	2316	2326	2326	2326	2326
jan.08	2317	2326	2326	2326	2326
Pst. endring	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0

Tabell 2 a (framhald) Gjennomsnittlige månedssatsar for fylke og bruttoinntekt

Fylke	Månadssats, utan kostpengar og tilleggsutgifter				
	Bruttoinntekt kr.				
	Min	250000	375000	500000	Maks
Sør-Trøndelag					
aug.07	1896	2291	2322	2322	2313
jan.08	1965	2329	2329	2329	2329
Pst. endring	3,6	1,6	0,3	0,3	0,7
Nord-Trøndelag					
aug.07	2271	2281	2286	2286	2286
jan.08	2280	2290	2294	2294	2294
Pst. endring	0,4	0,4	0,4	0,4	0,4
Nordland					
aug.07	2267	2267	2267	2267	2267
jan.08	2304	2304	2304	2304	2304
Pst. endring	1,6	1,6	1,6	1,6	1,6
Troms					
aug.07	2269	2269	2269	2269	2269
jan.08	2264	2264	2264	2264	2264
Pst. endring	-0,2	-0,2	-0,2	-0,2	-0,2
Finnmark					
aug.07	2285	2290	2300	2305	2305
jan.08	2279	2294	2303	2309	2309
Pst. endring	-0,3	0,2	0,2	0,2	0,2
Heile landet totalt					
aug.07	1534	2094	2246	2291	2309
jan.08	1537	2089	2249	2297	2317
Pst. endring	0,2	-0,2	0,1	0,3	0,3

Tabell 2 b Gjennomsnittleg årsbetaling for fylke og bruttoinntekt

Fylke	Årsbetaling, inkludert kostpenger og tilleggsgutgifter									
	Eit barn, bruttoinntekt kr.					To barn, bruttoinntekt kr.				
	Min	250000	375000	500000	Maks	Min	250000	375000	500000	Maks
Østfold										
aug.07	19306	27068	27874	27874	27874	33336	46485	47855	47855	47855
jan.08	19321	27017	27822	27822	27822	33341	46378	47748	47748	47748
Pst. endring	0,1	-0,2	-0,2	-0,2	-0,2	0,0	-0,2	-0,2	-0,2	-0,2
Akershus										
aug.07	12221	21028	25965	26821	26821	21181	36153	44544	46001	46001
jan.08	12098	21044	26141	26991	26998	20982	36191	44856	46300	46312
Pst. endring	-1,0	0,1	0,7	0,6	0,7	-0,9	0,1	0,7	0,7	0,7
Oslo										
aug.07	8547	22781	25630	25630	25630	14530	38728	43571	43571	43571
jan.08	8547	22781	25630	25630	25630	14530	38728	43571	43571	43571
Pst. endring	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Hedmark										
aug.07	26639	26741	26741	26741	26313	45423	45576	45576	45576	44934
jan.08	26045	26780	26780	26780	26780	44776	45963	45963	45963	45963
Pst. endring	-2,2	0,1	0,1	0,1	1,8	-1,4	0,8	0,8	0,8	2,3
Oppland										
aug.07	24677	26048	26482	27385	27447	41991	44230	44946	46467	46559
jan.08	25035	26100	26529	27468	27530	42584	44318	45028	46605	46698
Pst. endring	1,4	0,2	0,2	0,3	0,3	1,4	0,2	0,2	0,3	0,3
Buskerud										
aug.07	18230	24441	26670	26670	26670	30750	40112	43570	43570	43570
jan.08	17740	24642	25612	26961	26961	29770	40423	41994	44017	44017
Pst. endring	-2,7	0,8	-4,0	1,1	1,1	-3,2	0,8	-3,6	1,0	1,0
Vestfold										
aug.07	17935	22296	25598	26970	26970	31009	37964	43124	45206	45206
jan.08	18167	22538	25840	27212	27172	31136	38109	43269	45351	45284
Pst. endring	1,3	1,1	0,9	0,9	0,8	0,4	0,4	0,3	0,3	0,2

Tabell 2 b (framhald) Gjennomsnittleg årsbetaling for fylke og bruttoinntekt

Fylke	Årsbetaling, inkludert kostpengar og tilleggsgutgifter									
	Eit barn, bruttoinntekt kr.					To barn, bruttoinntekt kr.				
	Min	250000	375000	500000	Maks	Min	250000	375000	500000	Maks
Telemark										
aug.07	18229	23932	26762	27154	27154	30421	39819	44315	44902	44902
jan.08	18105	24611	26809	27199	27199	30171	40899	44319	44904	44904
Pst. endring	-0,7	2,8	0,2	0,2	0,2	-0,8	2,7	0,0	0,0	0,0
Aust-Agder										
aug.07	18594	25088	26596	26732	26732	31492	42414	44977	45181	45181
jan.08	18895	21914	26663	26799	26799	31983	37044	45118	45322	45322
Pst. endring	1,6	-12,7	0,3	0,3	0,3	1,6	-12,7	0,3	0,3	0,3
Vest-Agder										
aug.07	19308	24196	27170	27212	27212	32052	40015	44860	44922	44922
jan.08	19530	21886	27314	27314	27355	32771	36514	45551	45551	45613
Pst. endring	1,2	-9,5	0,5	0,4	0,5	2,2	-8,7	1,5	1,4	1,5
Rogaland										
aug.07	14634	20273	21045	24272	27149	25285	34705	35996	41476	46367
jan.08	14784	20238	21127	24285	27162	25310	34560	36061	41412	46304
Pst. endring	1,0	-0,2	0,4	0,1	0,0	0,1	-0,4	0,2	-0,2	-0,1
Hordaland										
aug.07	16963	26488	26488	26488	26488	29035	45228	45228	45228	45228
jan.08	16846	26485	26485	26485	26485	28839	45225	45225	45225	45225
Pst. endring	-0,7	0,0	0,0	0,0	0,0	-0,7	0,0	0,0	0,0	0,0
Sogn og Fjordane										
aug.07	25312	26212	26212	27040	27040	43037	44568	44568	45975	45975
jan.08	25576	25576	27062	27062	27062	43468	43468	45993	45993	45993
Pst. endring	1,0	-2,4	3,2	0,1	0,1	1,0	-2,5	3,2	0,0	0,0
Møre og Romsdal										
aug.07	27229	27330	27330	27330	27330	45994	46166	46166	46166	46166
jan.08	27319	27416	27416	27416	27416	46589	46758	46758	46758	46758
Pst. endring	0,3	0,3	0,3	0,3	0,3	1,3	1,3	1,3	1,3	1,3

Tabell 2 b (framhald) Gjennomsnittleg årsbetaling for fylke og bruttoinntekt

Fylke	Årsbetaling, inkludert kostpengar og tilleggsgutgifter									
	Eit barn, bruttoinntekt kr.					To barn, bruttoinntekt kr.				
	Min	250000	375000	500000	Maks	Min	250000	375000	500000	Maks
Sør-Trøndelag										
aug.07	22740	27079	27419	27419	27327	38709	46085	46663	46663	46507
jan.08	23559	27557	27557	27557	27557	40222	47019	47019	47019	47019
Pst. endring	3,6	1,8	0,5	0,5	0,8	3,9	2,0	0,8	0,8	1,1
Nord-Trøndelag										
aug.07	26548	26659	26707	26707	26707	45070	45257	45339	45339	45339
jan.08	26669	26779	26827	26827	26827	45075	45263	45345	45345	45345
Pst. endring	0,5	0,5	0,4	0,4	0,4	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Nordland										
aug.07	26499	26499	26499	26499	26499	42174	42174	42174	42174	42174
jan.08	26976	26976	26976	26976	26976	42763	42763	42763	42763	42763
Pst. endring	1,8	1,8	1,8	1,8	1,8	1,4	1,4	1,4	1,4	1,4
Troms										
aug.07	27015	27015	27015	27015	27015	44995	44995	44995	44995	44995
jan.08	26931	26931	26931	26931	26931	44606	44606	44606	44606	44606
Pst. endring	-0,3	-0,3	-0,3	-0,3	-0,3	-0,9	-0,9	-0,9	-0,9	-0,9
Finnmark										
aug.07	26995	27052	27159	27219	27219	42888	42989	43172	43277	43277
jan.08	27015	27176	27284	27343	27343	42872	43135	43318	43408	43408
Pst. endring	0,1	0,5	0,5	0,5	0,5	0,0	0,3	0,3	0,3	0,3
Heile landet										
aug.07	18239	24392	26069	26563	26763	30840	41185	43984	44808	45151
jan.08	18300	24381	26132	26660	26883	30932	41171	44108	44976	45355
Pst. endring	0,3	0,0	0,2	0,4	0,4	0,3	0,0	0,3	0,4	0,5

Tabell 3 Gjennomsnittlige månedssatsar og årsbetaling etter bruttoinntekt. 1992-2008¹

	Månadssatsar, utan kostpengar og tilleggsutgifter				Årsbetaling, inkludert kostpengar og tilleggsutgifter ³			
	Månadssatsar, utan kostpengar		Eit barn, brutto inntekt kr.		To barn, brutto inntekt kr.		500 000 Maks	
	Min	Maks	Min	Maks	Min	Maks	Min	Maks
jan.92	1 961	2 123	22 133	23 903	34 730	37 406		
aug.92	1 979	2 143	22 399	24 195	35 019	37 738		
jan.93	2 002	2 180	22 615	24 566	35 490	38 450		
aug.93	2 007	2 202	22 745	24 881	35 985	39 224		
jan.94	2 082	2 273	23 499	25 589	37 223	40 402		
aug.94	2 130	2 297	24 084	25 906	38 139	40 909		
jan.95	2 169	2 344	24 446	26 371	38 715	41 639		
aug.95	2 176	2 342	24 638	26 452	39 143	41 893		
jan.96	2 229	2 403	25 151	27 053	39 937	42 817		
aug.96	2 263	2 448	25 549	27 574	40 700	43 785		
jan.97	2 339	2 527	26 497	28 544	42 406	45 532		
aug.97	2 354	2 563	26 706	28 990	42 798	46 299		
jan.98	2 404	2 619	27 153	29 498	43 405	46 999		
aug.98	2 415	2 640	27 335	29 800	43 751	47 532		
jan.99	2 525	2 758	28 612	31 155	45 978	49 875		
aug.99	2 567	2 791	29 111	31 568	46 935	50 701		
jan.00	2 629	2 857	29 756	32 251	48 041	51 871	53 336	
aug.00	2 661	2 912	30 035	32 765	48 469	52 655	54 151	
jan.01	2 723	2 985	30 809	33 671	49 780	54 168	55 636	
aug.01	2 700	2 953	30 656	33 437	49 510	53 746	55 046	
jan.02 ²	2 644	3 095	29 696	34 625	47 845	55 394	56 797	
aug.02	2 558	2 980	28 748	33 374	46 430	53 532	54 845	
jan.03	1 565	3 008	17 855	33 666	29 231	46 851	55 567	57 512
aug.03	1 491	2 763	17 064	30 991	28 299	44 298	50 706	53 846
jan.04	1 480	2 731	16 986	30 731	28 401	44 806	51 131	54 019
aug.04	1 491	2 659	17 074	29 914	28 587	43 996	49 931	50 806
jan.05	1 514	2 691	17 498	30 395	29 663	45 215	51 322	52 218
aug.05	1 528	2 698	17 665	30 422	29 941	45 160	51 408	52 328
jan.06	1 289	2 199	15 166	25 129	25 739	39 040	42 462	43 483
aug.06	1 345	2 167	15 895	24 943	27 140	38 574	42 471	43 947
jan.07	1 400	2 235	16 560	25 743	28 223	39 609	43 612	44 599
aug.07	1 534	2 246	18 239	26 069	30 840	41 185	43 984	45 151
jan.08	1 537	2 249	18 300	26 132	30 932	41 171	44 108	44 976
Pst. endring								
jan.92-jan.08	6,5	5,9	10,2	9,3	18,5	17,9		

¹ På grunn av ny informasjon kan data frå frå tidlegare målinger ha blitt noko endra.

² Fra og med januar 2002 er gjennomsnittssatsane vektta i motsetnad til tidlegare der uvekta snitt har vorte nytta.

³ Tilleggsutgifter er inkludert frå og med august 2006 og januar 2007.

Tabell 4 Oversiktsdata for kommunale barnehagar. 2007-2008

Talet på kommunar								
	med i undersøkinga	med inntektsgraderte månads-satsar	med flate månads-satsar	med syskenmoderasjon på 30% for barn nr 2	med syskenmoderasjon på 50% for barn nr 3	med kost-pengar i tillegg	med private barnehagar som følgjer kommunale moderasjons-ordningar	med friplassar/moderasjons-ordningar utanfor det ordinære betalings-systemet
jan.07	416	94	322	270	348	365	297	358
jan.08 ¹	399	93	303	257	324	346	235	211

¹ Syskenmoderasjon tel ikkje i kommunar med gratis barnehagetilbod og kommunar utan kommunalt barnehagetilbod.

Tabell 5 Månads- og årsbetaling etter region for private barnehagar

Område	Månadsbetaling utan kost			Årsbetaling inkludert kostpengar og andre tilleggsutgifter					
	Eit barn			Eit barn			To barn		
	aug.07	jan.08	Endr. i pst.	aug.07	jan.08	Endr. i pst.	aug.07	jan.08	Endr. i pst.
Austlandet	2273	2277	0,2	27342	27431	0,3	46725	46983	0,6
Agder/Rogaland	2106	2108	0,1	25605	25726	0,5	44002	44495	1,1
Vestlandet	2276	2278	0,1	27349	27404	0,2	47515	47873	0,8
Trøndelag	2270	2279	0,4	27452	27705	0,9	47230	48155	2,0
Nord-Noreg	2284	2282	-0,1	27227	27226	0,0	46071	45817	-0,6
Heile landet	2248	2251	0,1	27064	27156	0,3	46422	46743	0,7

Tabell 7a og 7b blir ikke oppdatert lenger fordi vi skiller ikke mellom barnehager som får kommunal stønad.